



STYREMØTE, 15. august 2014 kl. 17-21 - referat

STAD: Løkstad/Hovet

Møtet starta med tur til bergstolen, utsiktsstaden til Olav Sletto - ovanfor Sletto, kl. 1700.

Tilstades: Grethe Larsgard Rudningen, Maria Søndrål, Margarethe L'orange og Eva Almhjell var med på turen.

Under befaringa kommenterte vi fin rydding rundt minnestenen i Sletto, behov for planter som ikkje krev stell framme steinen (t.d. blåbriske) og behov for ny infoplakat om Olav Sletto og fødestaden Sletto (sjå nedanfor). Her kan vi bruke tekst frå OSS-brosjyra.

Brit-Mari Sletto slutta seg til møtet i Hovet kl. 1900.

Eva Almhjell (ref. 17.8.14)

Sak	Tema	Oppfølging
0.	Velkommen til dei nye i styret: Maria Søndrål og Margarethe L'orange	
1.	<p>- Britt-Mari - Per Sjøl CD-ar -</p> <p>Restopplaget på 23 er fordelt slik: 5 på Geilo og 5 på Ål, 13 beheld OSS til eigen bruk/omsetning. Avtala med Notabene sentralt er heilt OK.</p> <p>Drammenskontoret, som ikkje skjønte forskjellen på faktura og avtale, returnerte avtala, men vi fekk orsaking frå Notabene i Drammen, og aksepterte den. CD-ane er i kommisjon hjå bokhandlarane. Britt-Mari tek vare på skriftleg dokumentasjon i saka.</p> <p>- Eva - Anne-bok, søknader og foredrag</p> <p>Boksmia AS er vald som forlag. Forleggjaren er i gang med redigering av manusa (JØS og EA sine).</p> <p>Søknader om økonomisk støtte er sendt 7 kjelder (same som til PG 2013).</p> <p>Svar kjem utover hausten.</p> <p>Foredraget i Geilo kulturkyrkje 18.6.14 hadde omkring 26 betalande publikummera. Vellukka kveld, med Anna Olsen, mor til Olav Sletto, som tema. Inngangspengar kr. 100 pr. person går i sin heilskap til OSS. Vi avventar framleis innbetaling på OSS-konto, men reknar med dette ordnar seg, no ferien er over.</p> <p>- Fleire ill. barnebøker i Per-serien (jf. innspel frå Karin Bull) - alternativt animasjon av Per Spegil?</p> <p>KB sitt innspel er svært oppmuntrande.</p> <p>Einar Tufte takkar for godt møte 18.6.14 og rosar i brev datert 21.6.14 både tekst og illustrasjonar til Per Gjetar.</p> <p>- Røynsler frå årsmøtet - korleis fungerte boktorget mm?</p> <p>Positiv attendemelding</p> <p>- Medlemsbrev nr. 2/2014 (vedlagt innkallinga)</p> <p>Utkastet var snautt. Evas utvida og redigerte versjon vart godkjent.</p>	<p>CD-ane var til sals i bokhandlane på Ål og Geilo frå primo august 2014.</p> <p>Nyhende om CD-ane på www.olavslettoselskapet.no frå primo august 2014.</p> <p>Eva følgjer opp kontakten med Boksmia, og foredrag om AJS/PG Siste: Buskerud Mållag har gitt 7500 kr. til Anne-boka</p> <p>Britt-Mari sjekkar konto</p> <p>Tankar om ulike former for formidling av Per-forteljingane held fram.</p> <p>Vi held fram med boktorg i årsmøtet 2015.</p> <p>Publisert på nettsida og sendt alle medlemmer via snail- og e-mail siste halvdel av august</p>
2.	Siste nytt: Grethe deltok for OSS på marknaden under Holsdagen 2.8.14. Det var knapp frist dette året, og fleire gjorde seg tankar om forbetringar til neste år, t.d. at marknadspllassen blir lagt utanom festområdet, så folk ikkje må betala inngangspeng for å handle.	Konklusjon: Viktig for OSS å vera synleg. Vi deltek i 2015. Styret følgjer opp.

	<p>I forlengelsen av denne diksusjonen kom det opp idear om å lage mobilt info-opplegg for OSS, til bruk i ulike samanhengar, som marknader, som foredrag.</p> <p>Infotiltak (innspele frå Hol historielag)</p> <p>Planting ved minnestenen i Sletto.</p> <p>Eva og Evalill har vore på besøk I Vesleheimen, Olav og Karin sin fyrste heim som nygifte i Vollen/Asker. Sjå nyhende på heimesida.</p> <p>Innspel frå Britt-Mari: OSS delta på matmessa på Geilo 4.-5. oktober?</p>	<p>Margarethe følgjer opp med tekstdel, Eva med bilde av PG-forseite – to skilde einingar -begge deler i A3 og laminert.</p> <p>Eva følgjer opp – sjå eiga e-sending 29.8.14.</p> <p>Eva følgjer opp ift. Barbro Aasen (konklusjon: Sjå under)</p> <p>Konklusjon etter nærmere undersøking av Britt-Mari: Deltek ikkje i år, kanskje i 2015.</p>
3.	<p>Eventuelt</p> <p>Innspel frå Britt-Mari: Teksten på Olav Sletto-stenen må fornyast.</p> <p>Innspel frå Grethe: Olav Sletto-språket – kva kan gjerast for å spre info om dette rike språket? Ordbok fins i eitt av OSS-årshefta (sjå heimesida). Vi drøfta også m.a. moglegheiter for eit samarbeidsprosjekt mellom vgs Gol og OSS, for å få ungdom interessert i Olav Sletto og hallingmålet. (Dette kan høve bra ift. Buskerud mållag og prosjekten Hått Halling, som no er igang for å få barnahagane til å ta i bruk hallingdialekta (HD, 16.8.14)).</p> <p>Innspel frå Eva: Gro Randen om musikken i Olav Sletto sitt språk, mogleg art. til Årshefte 2015? Styret fann idéen god.</p> <p>Kari Telste har likevel sagt ja til å skrive ein artikkel til neste årshefte basert på foredraget i årsmøtet 2014. Saman med leseopplevelinga (r) har vi eit bra grunnlag for Årshefte 2015.</p> <p>Innspel frå Maria: Per Gjetar må inn i Den kulturelle skulesekken i Hol. Det skal vera ei evaluering av DKS med det fyrste, der Maria vil vera med. OSS kan også tilby vaksenopplæring for lærarar i DKS/norsk. Ekstern deltaking i DKS er betalte oppdrag og kan slik vera ei inntekstkjelde for OSS.</p> <p>Innspel frå Margarethe: Tittel på serien om leseoppleveling i årshefta: Skal den følgje språket til den som skriv? Ingressen forklarar tanken bak serien. Britt-Mari har meldt seg på til å skrive lese-oppleveling i årshefte 2015, og kanskje får vi med etterkomrarar av OS?</p> <p>Britt-Mari la fram økonomioversikt som viser ein balanse på vel kr. 32000 på plussida. Styret var nøgd med dette!</p> <p>Rummen frå Gurostolen smakte, som alltid, fortreffleg, lammeopølse frå Jakopspllass og spikji hjortekjøt frå Hemsedal likeså.</p> <p>TAKK FOR KONSTRUKTIVT MØTE!</p>	<p>Eva tek denne og sakene over opp med Barbro Aasen. Britt-Mari målar med svart bengalakk.</p> <p>28.8.14: Barbro melder i telefonen at ho vil ha hand om alt i Sletto sjøl. Ho vil ikkje ha planter ved minnestenen og målar teksten opp att sjøl.</p> <p>Eva har kontakta Gro Randen, som ikkje våga seg på denne oppgava.</p> <p>Maria følgjer opp</p> <p>Konklusjon: Med den ingressen some r no, held vi på nynorsk serietittel</p>